

Fagnotat 014-2020

Til: Nissedal Eigedom AS ved Sverre Tveit
Frå: Faun Naturforvaltning ved Helge Kiland
Kopi: Stærk & Co AS

Slåttemyr og gammel furuskog i hyttefeltet Felehovet sør på Gautefall i Nissedal kommune – vurdering av naturkvalitetane

Bakgrunn

Reguleringsplanen for hyttefeltet Felehovet sør omfattar 144 eksisterande hytter/tomter og etablering av 437 nye tomter for sjølveigarhytter og 10 tomter for utleigehytter (Figur 2). Det er planlagt bilveg fram til kvar tomt og innlagt vatn og avløp til felles reinseanlegg. I vedtak 15.10.2020 kom Fylkesmannen med motsegn til planen og etterlyste ei nærare vurdering av naturkvalitetane i området spesielt knytte til dei utvalde naturtypane slåttemyr og gammel furuskog. Motsegna kan bli løyst ved at det blir gjennomført nye utgreiingar av heile planområdet etter DN-handbok 13 Kartlegging av naturtyper (Miljødirektoratet 2007).

Omtale av planområdet

Som nemnt innleiingsvis er det 144 eksisterande hytter/tomter i området frå før. Dei er spreidd over eit område på nær 2000 daa. Hyttene er bygde frå slutten av 1960-talet og frametter 1970-åra, utan innlagt straum, vatn og avløp, og mange av hyttene manglar også veg fram til hytta. I fleire tilfelle er det likevel laga enkle vegar over dei flate berga slik at det blir mogleg å kome nokså nær hytta med bil.

Skiløypa frå Bjønntjønn til Bleka er også viktig. Løypa blir preparert heile skisesongen og blir mykje bruka. Det er også merka ei DNT- turistløype frå Gautefall turisthotell forbi Reinsvatn til Havrefjell. At området blir mykje bruka til friluftsliv betyr også at tørr ved, greiner og vindfall raskt blir plukka opp og nytta til bålpyring, oppvarming og liknande.



Figur 1. Oversiktskart som viser kvar planområdet ligg (markert med blå ring)



Figur 2: Planområde og forslag til reguleringsplan for Felehovet sør, utarbeidd av Stærk & Co. Undersøkte myrar er markert med blå ring.

Gjennomføring av feltarbeid og vurdering

Feltarbeidet er utført av naturforvaltningskandidat frå NLH/NMBU Helge Kiland i Faun Naturforvaltning AS. Helge Kiland har tidlegare mellom anna vore naturvernkonsulent i Vest-Agder, der han mellom anna var ansvarleg for å gjennomføre verneplanen for myrar. Han har også gjennomført fleire naturtyperegistreringar i skog, mellom anna for Fylkesmennene i Agder og i Telemark. Han har meir enn 40 års erfaring med forvaltning, registrering og vurdering av natur og er godt kjent på Gautefallheia frå før.

Det var fint vær under feltarbeidet, som blei gjennomført 23. oktober 2020. Alle myrar og skogbestand i hogstklasse V blei undersøkt. På grunn av årstida var det ikkje mogleg å identifisere alle artane, særleg artar i storrfamilien, men det blir ikkje vurdert som avgjerande for vurderinga av naturverdiane i området.

Naturgrunnlaget i området

Naturen i området er svært karrig, med store parti med svafjell og anna grunnlendt terreng. Berggrunnen er gneis og gneisgranitt, som gjev eit næringsfattig jordsmonn. Dette viser seg også ved at vatna på Gautefallheia har vore sterkt utsett for fiskedød på grunn av sur nedbør og berggrunn med liten naturleg bufferkapasitet. Det dominerande treslaget er furu og dei dominerande vegetasjonstypane er røsslyng-skinstrytefuruskog, berggrunn og bergflate og fattig fastmattemyr. Gautefallheia ligg i mellomboreal vegetasjonssone, oseanisk vegetasjonsseksjon.



Figur 3. Utsikt mot Reinsvassløkjene i planområdet. Foto: Helge Kiland, Faun.

Gammal furuskog

Skogtypen gammel furuskog (F08) er i DN-handbok 13 definert som skog med klart preg av lang kontinuitet. Det betyr at det mellom anna skal vera rikeleg med død ved i form av rotvelter og ståande tørre tre (gadd). Ein gjennomgang av skogbruksplandata viser at det ikkje er registrert nokon miljøfigurar eller nykelbiotopar i området.



Figur 4. Frå gammel open furuskog, ved Sagtjønn. Fleire stadar i området er det restar etter kaffibål, som her ved Kothylen.
Foto Helge Kiland

Slåttemyr

Det blei i 2013 gitt ut ein rapport om slåttemyrlokaltetar i Sør-Norge, med forslag til revidert faktaark for slåttemyr (Lyngstad mfl. 2013). I rapporten er det sett opp framlegg til kriterium for verdisetjing:

A – svært viktig:

Alle slåttemyrer som holdes i hevd eller fortsatt bærer tydelig preget av langvarig hevd, og som er artsrike eller inneholder sjeldne/trua myrarter eller er dominert av middelsrik eller ekstremrik myrvegetasjon.

Andre, store slåttemyrer (> 50 daa?) som holdes i hevd eller fortsatt bærer tydelig preget av langvarig hevd, i låglandet (BN-SB [evt. nedre MB?]) eller deler av landet der slåttemyr eller rik myrvegetasjon er sjelden. Slåttemyr eller beitemyr som utgjør en vesentlig del av et helhetlig (utvalgt?) kulturlandskap

B – viktig:

Andre store slåttemyrer som fortsatt bærer preg av langvarig hevd. Tradisjonelt hevdet og intakt beitemyr.

C – lokalt viktig:

Alle andre slåttemyrer som tilfredsstillere definisjonen av slåttemyr.

I følge faktaarket til Lyngstad mfl. vil ei myr bli rekna som slåttemyr så lenge myra er prega av økologiske prosessar som skuldast slått. Typisk for slike myrar er at myra har jamn overflate, relativt jamn fordeling av artar, velutvikla botnsjikt og med artar som tolerer godt slått.

Sørlege slåttemyrar er ei sjeldan naturtype og er derfor rekna som kritisk truga (Artsdatabanken 2018). Det er bare nokre få lokalitetar som tilfredsstillar kriteria for denne naturtypen i dag i sør- Noreg.


Myrslåtten var viktig for det gamle jordbruket, der utmarka blei nytta til å gje grunnlag for gjødsel til innmarka. I følgje Heradskommisjonen (1864) var høvavlingane i Nissedal 3669 skippund frå naturleg england, 1169 skippund frå utslått (fjellslått) og 4366 skippund frå myrslåtten. Nesten alle myrar av nokolunde storleik blei slegne. Dei slo ikkje same slåtta kvart år. På Stordale nær Tjønnfoss slo dei myrane kvart 3. år (Åsen 1986). I følgje artikkelen Utrast av tidlegare heradsskogmeister i Fyresdal Einar Stoltenberg (artikkel frå Viking 1950 publisert av Fyresdal sogelag i 2002) var det på myrane mange stader særskild verdifull slått, og dei beste myrane var dei som låg meir enn 500 moh og som gjerne er litt bratte. Dei sette helst opp ei høvbu der det var utslått, framfor å sette høvet i stakk. Det gjekk meir høv til spille i stakken.

Registreringsresultat naturmangfald

Fleire av myrane i området har vore nytta til forhausting. Stadnamn som Kothylslåtta, Hytteslåtta og Slåttebu viser det. Dette er også kommentert av Sverre Tveit i grunneigars orientering om framlegg til reguleringsplan (notat, 2020). Her blir også Kaddemyra og Jonsmyr nemnt som tidlegare slåttemyrar. Notatet frå Tveit er også basert på intervju med eldre lokalkjente.

På myrane i området er rome (ljågras) eit vanleg innslag. Rome blir sterkt hemma av slått. Myrslått gjev myrane ein slettare struktur der lyng og buskar etter kvart blir fortrent av gras- og storrantar. I tillegg til rome er også blåtopp, kvitmyrak, pors, røsslyng og klokkelyng vanlege innslag på myrane i området. Tuver med lyng og pors vitnar om at det er lenge sidan det blei slege på myrane. Av mosar er det bare funne torvmosar.

Artsinventaret på fattigmyr er sjeldan meir enn 15 – 20 artar. Ingen av artane er sjeldne eller kravfulle. Innanfor planområdet er det funne tre myrar som har naturtypekvalitet som slåttemyr med lokal verdi (verdi C). Det betyr at ingen av myrane i planområdet kan bli rekna som prioritert naturtype slåttemyr med A eller B verdi. Registrerte slåttemyrar av lokal verdi innanfor planområdet er vist til i figur 2, punkt 3, 4 og 5. For nærare avgrensing av kvar enkelt slåttemyr med lokal verdi, sjå figur 5 og 6.



Figur 5 Kart som syner tre avgrensa slåttemyrar av lokal verdi. Frå venstre Kaddemyra, Kothylslåtta og Jonsmyr.



Figur 6. Avgrensing av slåttemyrar av lokal verdi i Felehovet sør, frå venstre Kaddemyr, Kothylslåtta og Jonsmyr.

Felehovet sør, slåttemyrar av lokal verdi: Kaddemyr 33V 138043 6560945, Kothylslåtta 33V 138176 6560917, Jonsmyr 33V 138716 6561156.

Kommune:	Nissedal	Naturtype:	Slåttemyr D02, kalkfattig semi-naturleg myr, V9-1 (NiN).
Registrering:	23.10.2020	Veg.sone:	Mellomboreal
Registrator:	Helge Kiland	Høgdelag:	485 moh
Areal:	Kaddemyr 7,5 daa, Kothylslåtta 3,7 daa, Jonsmyr 10,4 daa		
Verdi:	Lokalt viktig		

Innleiing: Myrane er registrert av Helge Kiland, Faun Naturforvaltning, i samband med registrering av naturtypene slåttemyr og gammal furuskog i planområdet Felehovet sør på Gautefallheia i Nissedal.

Plassering/avgrensing/naturgrunnlag: Myrane ligg nær kvarandre i eit ope landskap med mykje skrinn furuskog og opne bergflater, sjå figur 2 og 7.

Naturtype/vegetasjonstype: Vegetasjonstypen etter Fremstad (1997) er fattig fastmattemyr, K3. Typen opptrer noko i mosaikk med fattig tuvemyr (K2) og fattig mjukmatte/lausbotnmyr (K4).

Artsmangfald: Årstida gjorde det vanskeleg å identifisere storrartar, men ein må gå ut i frå at sveltstorr, frynsestorr og kanskje også noko flaskestorr og trådstorr kan vera vanlege. Det blei i tillegg notert blåtopp, rome, torvmyrull, bjønnskjegg, kvitmyrak, røsslyng, klokkelyng og pors.

Hevd: Myrane har vore nytta til hausting av for, noko som fleire stadnamn vitnar om. Det blir også stadfest av lokalkjente. Myrane er framleis opne og lite prega av gjengroing, noko som også kan skuldast at myrane er fattige og lite produktive. Innslag av lyng og pors vitnar likevel om at det er lenge sidan det har blitt slege på myrane. Det er også rikeleg med rome, som blir hemma når myrane blir slått fleire gonger.

Verdigrunngeving: Dei tre myrane er vurdert som lokalt viktige slåttemyrar (verdi C), fordi myrane er små og at dei ikkje lenger har tydelege teikn til å ha vore nytta til slått. Dei blir ikkje rekna som prioritert naturtype grunna at dei har lokal verdi.



Figur 7. Frå venstre myr sør for Fela, Kaddemyr, Jonsmyr og Kothylslåtta. Foto: Helge Kiland.

Furuskogen i området er lågproduktiv og er dominert av hogstklasse V (eldre produksjonsskog) og skrapskog. Boniteten varierer frå impediment til F11. F11 svarar til skog der dei herskande furutrea kan nå ei høgde på 11 m når dei er 40 år gamle. I røsslyng-skinstrytefuruskogen er det lyng som dominerer. I tillegg finst det nokre få andre urter. Av litt spesielle artar som blei observert innanfor planområdet kan nemnast lodden vaniljerot (LC), som er utan klorofyll og som lever som snyltar på nettverket av mykhorizza mellom sopp og andre planter. I følgje Artskart er arten tidlegare registrert ved Gautefall turisthotell i 1980.

Det vart ikkje funne furuskog innanfor planområdet som er kvalifisert som naturtype gammal furuskog i samsvar med DN-handbok 13 (2007).



Figur 8. Eldre furuskog i retning Kothylslåtta. Her fann ein òg vaniljerot, sjå bilete til høgre. Foto: Helge Kiland, Faun.

Det blei heller ikkje registrert andre lokalitetar med naturtypekvalitet etter DN handbok 13 innanfor planområdet. Det blei heller ikkje registrera nokre raudlisteartar under eiga synfaring. Ein kan likevel ikkje vera sikker på at ein ikkje kan finne sjeldne artar innanfor området, men potensialet blir vurdert som lågt.

Konklusjon - Verdi

Med bakgrunn i V712 metodikken blir samla verdi for naturmangfald i planområdet vurdert til noko verdi (figur 9), for utdjupande forklaring sjå tabell 1.



Figur 9. Samla verdivurdering for planområdet etter metodikk frå Statens vegvesen (2018).

Tabell 1. Verdikriterium for fagtema naturmangfold. Frå SVV handbok V712.

Verdi Kategori	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Landskaps-økologiske funksjonsområder		Områder med mulig landskaps-økologisk funksjon. Små (lokalt viktige) vilt- og fugletrekk.	Områder med lokal eller regional landskapsøkologisk funksjon. Vilt- og fugletrekk som er viktig på lokalt/regionalt nivå. Områder med mulig betydning i sammenbinding av dokumenterte funksjonsområder for arter.	Områder med regional til nasjonal landskaps-økologisk funksjon. Vilt- og fugletrekk som er viktig på regionalt/nasjonalt nivå. Områder som med stor grad av sikkerhet bidrar til sammenbinding av dokumenterte funksjonsområder for arter.	Områder med nasjonal, landskapsøkologisk funksjon. Særlig store og nasjonalt/internasj. viktige vilt- og fugletrekk. Områder som med stor grad av sikkerhet bidrar til sammenbinding av verneområder eller dokumenterte funksjonsområder for arter med stor eller svært stor verdi.
Vernet natur				Verneområder (naturmangfoldloven §§ 35-39 ⁵⁵) med permanent redusert verneverdi. Prioriterte arter i kategori VU og deres ØFO ⁵⁶ .	Verneområder (naturmangfoldloven §§ 35-39). Øverste del forbeholdes verneområder med internasjonal verdi eller status, (Ramsar, Emerald-nettwork m.fl). Prioriterte arter i kategori EN og CR og deres ØFO ⁵⁶ .
Viktige naturtyper		Lokaliteter verdi C (øvre del)	Lokaliteter verdi C og B (øvre del)	Lokaliteter verdi B og A (øvre del) Utvalgte naturtyper verdi B/C (B øverst i stor verdi).	Lokaliteter verdi A Utvalgte naturtyper verdi A.
Økologiske funksjonsområder for arter ⁵⁵		Områder med funksjoner for vanlige arter (eks. høy tetthet av spurvefugl, ordinære beiteområder for hjortedyr, sjø/ fjæreaereal med få/små funksjoner). Funksjonsområder for enkelte vidt utbredte og alminnelige NT arter. Ferskvannsfisk: Vassdrag/ bestander i verdikategori «Liten verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ .	Lokalt til regionalt verdifulle funksjonsområder. Funksjonsområder for arter i kategori NT. Funksjonsområder for fredede arter ⁶² utenfor rødlista. Funksjonsområde for spesielt hensynskrevende arter ⁶³ Ferskvannsfisk: Vassdrag/ bestander i verdi-kategori «middels verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ samt vassdrag med forekomst av ål.	Viktige funksjonsområder region Funksjonsområder for arter i kategori VU. Funksjonsområder for NT-arter der disse er norske ansvarsarter og/ eller globalt rødlistet. Ferskvannsfisk: Vassdrag/ bestander i verdikategori «stor verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ samt viktige vassdrag for ål.	Store, veldokumenterte funksjonsområder av nasjonal (nedre del) og internasjonal (øvre del) betydning Funksjonsområder for trua arter i kategori CR (øvre del). Nedre del: EN-arter og arter i VU der disse er norske ansvarsarter og/eller globalt rødlistet. Ferskvannsfisk: Vassdrag/bestander i verdikategori «svært stor verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ .
Geosteder		Geosteder med lokal betydning.	Geosteder med lokal-regional betydning.	Geosteder regional-nasjonal betydning.	Geosteder med nasjonal-internasjonal betydning.

Verknad for naturmangfald

Negative konsekvensar for naturmangfald er avhengig av kva for påverknad dei planlagde inngrepa vil få på registrerte naturtypar og sjeldne artar. Dette er vurdert i tråd med Statens vegvesen si handbok V712 (2018).

Kaddemyra, slåttemyr lokal verdi

Myra er 7,5 daa. To tomter, nr. 578 og 579, og ny samleveg for feltet er planlagt på austsida av Kaddemyra. Då nemnde tiltak er så nærme myra reknar ein med at delar av myra blir påverka av dreneringseffekt. Påverknaden blir vurdert til noko forringa.


Kothylslåtta, slåttemyr lokal verdi

Myra er 3,7 daa. Tomt 211 ligg nær inntil myra, og påverknaden på myra blir vurdert til noko forringa.

Jonsmyr, slåttemyr lokal verdi

Myra er 10,4 daa. Nærare 50 % av myra verkar å bli påverka av planlagde samleveggar. Påverknaden blir vurdert til forringa.

Samla sett for planområdet blir påverknaden for naturmangfald vurdert til noko forringa, sjå figur 10, for utdjupande informasjon sjå tabell 2.



Figur 10. Skala med vurdering av planlagde tiltak si samla påverking på naturmangfald.

Tabell 2. Rettleiing for å vurdere påverknad. Frå Statens vegvesen handbok V712


Påvirkning	Økologiske og landskaps-økologiske funksjonsområder for arter	Viktige naturtyper og geosteder	Verneområder
Sterkt forringet	Splitter opp og/eller forringer arealer slik at funksjoner brytes. Blokkerer trekk/vandring hvor det ikke er alternativer.	Berører hele eller størstedelen (over 50 %). Berører mindre enn 50 % av areal, men den viktigste (mest verdifulle) delen ødelegges. Restareal mister sine økologiske kvaliteter og/eller funksjoner.	Påvirkning som forringer viktige økologiske funksjoner og er i strid med verneformålet.
Generelt: Varig forringelse av høy alvorlighetsgrad. Eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (>25 år).			
Foringet	Splitter opp og/eller forringer arealer slik at funksjoner reduseres. Svekker trekk/vandringsmulighet, eventuelt blokkerer trekk/vandringsmulighet der alternativer finnes.	Berører 20–50 % av lokaliteten, men liten forringelse av restareal. Ikke forringelse av viktigste del av lokalitet.	Mindre påvirkning som berører liten/ubetydelig del og ikke er i strid med verneformålet.
Generelt: Varig forringelse av middels alvorlighetsgrad, eventuelt mer alvorlig miljøskade med middels restaureringstid (>10 år).			
Noe forringet	Splitter sammenhenger/reduserer funksjoner, men vesentlige funksjoner opprettholdes i stor grad. Mindre alvorlig svekking av trekk/vandringsmulighet og flere alternative trekk finnes.	Berører en mindre viktig del som samtidig utgjør mindre enn 20 % av lokaliteten. Liten forringelse av restareal.	Ubetydelig påvirkning. Ikke direkte arealinngrep.
Generelt: Varig forringelse av mindre alvorlig art, eventuelt mer alvorlig miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)			
Ubetydelig endring	Ingen eller uvesentlig virkning på kort eller lang sikt		
Forbedret	Gjenoppretter eller skaper nye trekk/vandringsmuligheter mellom leveområder/biotoper (også vassdrag). Viktige biologiske funksjoner styrkes.	Bedrer tilstanden ved at eksisterende inngrep tilbakeføres til opprinnelig natur. Gjør en geotop tilgjengelig for forskning og undervisning	Bedrer tilstanden ved at eksisterende inngrep tilbakeføres til opprinnelig natur.

Konsekvens

Konsekvensen av hytteplanane er vurdert etter Statens vegvesen handbok V712 (2018). Metoden går ut på å kombinere verdien av området med påverkinga av tiltaket, dette for å få fram den samla konsekvensen av tiltaket. Naturtypen som er funne i området er av lokal verdi. Ut i frå planforslaget kan det sjå ut som om Kaddemyr og Jonsmyr er dei av slåttemyrane som blir mest påverka.

I figur 11 er verdi og påverknad av planlagde tiltak vurdert til ein samla konsekvens for naturmangfald.

Utbyggingsplanane for Felehovet sør vil gje negativ konsekvens for naturverdiane i området. Samla konsekvens ligg på 1 minus (-), noko som tilsvararar noko miljøskade for delområdet.



Figur 111. Konsekvensvifte frå SVV handbok V712. Raud sirkel markerer tiltaket sin samla konsekvens.

Skadereuserande tiltak

Skadereuserande tiltak blir gjennomført for å redusere negative konsekvensar for registrerte naturtypar eller sjeldne artar i planområdet. Dei største naturverdiane i området er knytt til naturtypen slåttemyr, der tre lokalitetar har lokal verdi.

Jonsmyr: Vi rår til å flytte samlevegane for å unngå å kome i kontakt med slåttemyra.

Kaddemyra: Vi rår til å fjerne tomt 578 og 579, og flytte samlevegane som er teikna inn aust for myra.

Kothylslåtta: Vi rår til å fjerne tomt 211.

Generelt bør ein unngå inngrep i myrar, både dei som har verdi som slåttemyrar, men også andre myrar. For myrane er det vesentleg at ikkje hydrologien blir endra slik at torva i myrane tørkar ut og blir nedbrote. Slikt kan føre til ekstra utslepp av drivhusgassane metan og karbondioksid.

Kjelder

- Artsdatabanken 2018. Norsk rødliste for naturtyper, sørlig slåttemyr.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12: 1-279.
- Kiland, H. 2014. Slåttemyr i Støylidalen, Nissedal kommune. Faun notat 2014-4: 1-5.
- Miljødirektoratet 2007. Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold. DN handbok 13-2007.
- Lyngstad, A., Øien, D.-I., Vold, E.M. & Moen, A. 2013. Slåttemyrlokalteter i Sør-Norge. A. Prioritering av lokaliteter for skjøtsel og overvåking. B. Kartlegging av slåttemyr på Østlandet 2012-13. – NTNU Vitenskapsmuseet naturhistorisk rapport 2013-8: 1-96.
- Lyngstad, A., Øien, D.-I., Bakken, T. 2014. Uttalelse om slåttemyr i Nissedal, Telemark. Brev til Fylkesmannen i Telemark. 1-5.
- Stoltenberg, E. 1950. Utrast. Artikkel frå Viking, attgjeve i Sjå deg attyvi, Fyresdal sogelag 2002.
- Tveit, S. 2020. Rapportunderlag til Faun. Notat 11 s.
- Åsen, K. 1986. Kultursoga for Nissedal.

Munnlege kjelder:

Sverre Tveit, grunneigar